



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Uppheim, Uppheim i Volda
Dato: 24.05.2017
Tid: 14:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Hild Våge	Medlem	AP
Magnar Sunde	Medlem	AP
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid	Medlem	AP
Bjørn Ytrestøyl	Medlem	AP
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Roald Arnold Espset	Medlem	FRP
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP
Edvin Dale	Medlem	FRP
Sindre Rotevatn	Medlem	H
Arild Iversen	Medlem	KRF
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Henning Holsvik	Medlem	KRF
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Erlend Krumsvik	Medlem	KRF
Øyvind Festø	Medlem	MDG
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Rebecca Riise Bjerknes, permisjon kl. 15.00	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Benedikte Holmberg	Medlem	V

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H
Per Svein Krøvel	Medlem	H
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Åshild Vik	Medlem	SV

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Reprenterer
Ivar-Otto Kristiansen	Dan Helge Bjørneset	H



VOLDA KOMMUNE

Elisabeth Velle Høidal	Per Svein Krøvel	H
Dag Sveinung Aarflot	Sølvi Dimmen	SP
Jan Øystein Håvik Holsvik, møtte kl. 15.00	Rebecca Riise Bjerknes	SP
Idar Flo	Fride Schjølberg Sortehaug	V

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Asbjørn Moltudal	Ass. rådmann
Henrik Skovly, PS 56/17, 57/17, 58/17	Økonomisjef
Per Ivar Kongsvik, PS 61/17 og OS 32/17	Oppvekstsjef
Anne Mari Falkevik prosjektleiar, Jan Henning Egset leiar byggenemnda, Kjersti Markegård ass. rektor Øyra skule, møtte til synfaringa på Øyra skule OS 32/17	

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 54/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 55/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 56/17	Rekneskap 2016
PS 57/17	Årsmelding 2016 - Volda Kommune
PS 58/17	1.Kvartalsrapport 2017
PS 59/17	Austefjord skule - politikarrepresentant i arbeidsgruppe
PS 60/17	Symjebasseng i sentrum i Volda kommune - spørsmål om framtidig leige i symjehallen etter 2020.
OS 32/17	Synfaring Øyra skule
PS 61/17	Tilstandsrapport Voldaskulen 2016-2017
PS 62/17	Orienteringssaker
OS 33/17	Orientering om prosess kulturhus
OS 34/17	Helseplattform- Pasientadministrativt system (PAS) og



VOLDA KOMMUNE

elektronisk pasientjournal (EPJ)

OS 35/17	Møteprotokoll frå kontrollutvalsmøtet 03.05.17
OS 36/17	Sjukefråvær 1.kvartal 2017
PS 63/17	Delegerte saker frå avdelingane
DS 69/17	Løyve til tiltak, garasje Gbr 11/1
DS 70/17	Løyve til tiltak, rehab.pipe Gbr 11/1
DS 71/17	Løyve til endring Gbr 11/53
DS 72/17	Løyve til endring Gbr 11/101
DS 73/17	Løyve til tiltak, utviding av veranda Gbr 11/109
DS 74/17	Rammeløyve, påbygg 11/49/0/2
DS 75/17	Ferdigattest, bustad og garasje Gbr 11/117
DS 76/17	Rammeløyve, modulbygg Mork skule Gbr 12/46
DS 77/17	Løyve til tiltak, rehab.pipe Gbr 13/4
DS 78/17	Igangsettingsløyve, tilbygg lager Gbr 13/95
DS 79/17	Løyve til tiltak, levegg Gbr 13/128
DS 80/17	Ferdigattest Gbr 15/16
DS 81/17	Løyve til tiltak, riving av bustad og uthus/løde Gbr 18/403
DS 82/17	Ferdigattest garasje Gbr 18/25
DS 83/17	Løyve til tiltak, ombygging Gbr 19/20
DS 84/17	Ferdigattest, bruksendring Gbr 19/532
DS 85/17	Ferdigattest rehab. pipe Gbr 19/158
DS 86/17	Løyve til tiltak, rehab.pipe Gbr 19/642
DS 87/17	Løyve til tiltak, solcelle på tak Gbr 19/805
DS 88/17	Igangsettingsløyve, riving og miljøsanering Gbr 19/877
DS 89/17	Løyve til tiltak, Botnavegen
DS 90/17	Ferdigattest, altan Gbr 20/35
DS 91/17	Ferdigattest, bustad og garasje Gbr 46/26

PS 54/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innleiingsvis i møtet spelte Bette Melina Ohma tre melodiar på ess-klarinet, saman med lærar Agnete Teige på ess-klarinet og rektor Einar Opsvik på piano.

Ordføraren orienterte om felles kommunestyremøte med Hornindal kommune den 01.06.2017.

Val av settevaraordførar

Rebecca Riise Bjerknes kom med framlegg om Odd Harald Sundal som settevaraordførar.

Odd Harald Sundal vart samrøystes valt som settevaraordførar.



VOLDA KOMMUNE

Innkalling:

Innkalling med sakliste vart lagt ut på lesebretta og publiserte på heimesida den 18.05.2017. Møtet vart annonsert i «Møre» den 20.05.2017.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Røysting innkalling:

Innkallinga vart samrøystes godkjent.

Sakliste:

Gunnar Strøm gratulerte «Uppheim» med vellukka rehabilitering av bygget.

Røysting sakliste:

Saklista vart samrøystes godkjent.

PS 55/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Møteprotokollen frå sist møte den 27. april 2017, vart samrøystes godkjent.

PS 56/17 Rekneskap 2016

Tilråding i formannskapet - 16.05.2017 til kommunestyret:

- 1. Årsrekneskapen for 2016 (drifts-, investerings- og balanserekneskap) vert godkjend.*
- 2. Rekneskapsmessig mindreforbruk i driftsrekneskapen for 2016 på kr 21.489.982 vert avsett til disposisjonsfond.*
- 3. Ubrukte løyvingar på investeringsprosjekt for 2016 vert overførde til 2017.*
- 4. Udisponerte salsinntekter på kr 3.625.277 vert sett av til ubunde investeringsfond.*

Handsaming:

Økonomisjef Henrik Skovly orienterte om saka.

Røysting (26 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret - 24.05.2017:

- 1. Årsrekneskapen for 2016 (drifts-, investerings- og balanserekneskap) vert godkjend.*



VOLDA KOMMUNE

- 2. Rekneskapsmessig mindreforbruk i driftsrekneskapen for 2016 på kr 21.489.982 vert avsett til disposisjonsfond.*
- 3. Ubrukte løyvingar på investeringsprosjekt for 2016 vert overførde til 2017.*
- 4. Udisponerte salsinntekter på kr 3.625.277 vert sett av til ubunde investeringsfond.*

PS 57/17 Årsmelding 2016 - Volda Kommune

Tilråding i formannskapet - 16.05.2017 til kommunestyret:

Årsmelding 2016 for Volda kommune vert teken til vitende.

Handsaming:

Økonomisjef Henrik Skovly orienterte om saka.

Røysting (26 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret - 24.05.2017:

Årsmelding 2016 for Volda kommune vert teken til vitende.

Rebecca Riise Bjerknes fekk permisjon kl. 15.00 og vara Jan Øystein Håvik Holsvik tok sete.

PS 58/17 1. Kvartalsrapport 2017

Tilråding i formannskapet - 16.05.2017 til kommunestyret:

- 1. kvartalsrapport 2017 vert teken til vitende.*
- 2. Finansrapport (passiva) pr 30. april vert teken til vitende (vedlegg nr. 1).*
- 3. Finansrapport (aktiva) pr 30. april vert teken til vitende (vedlegg nr.2).*

Handsaming:

Økonomisjef Henrik Skovly orienterte om saka.

Røysting (26 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.



VOLDA KOMMUNE

Vedtak i kommunestyret - 24.05.2017:

1. *1.kvartalsrapport 2017 vert teken til vitende.*
2. *Finansrapport (passiva) pr 30. april vert teken til vitende (vedlegg nr. 1).*
3. *Finansrapport (aktiva) pr 30. april vert teken til vitende (vedlegg nr.2).*

PS 59/17 Austefjord skule - politikkrepresentant i arbeidsgruppe

Administrasjonen si tilråding:

1. *Kommunestyret peikar utsom politikkrepresentant til gruppa som skal arbeide for ei langsiktig løysing for ungdomsskuleelevane ved Austefjord skule, jfr. pkt. 5 i PS 9/16.*
2. *Rådmannen får mynde til å utvide arbeidsgruppa med ein representant for dei tilsette ved skulen.*

Handsaming:

Ordføraren kom med slikt framlegg på vegne av Arbeidarpartiet:

Rebecca Riise Bjercknes.

Røysting (26 røysteføre):

Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

Vedtak i kommunestyret - 24.05.2017

1. *Kommunestyret peikar ut Rebecca Riise Bjercknes som politikkrepresentant til gruppa som skal arbeide for ei langsiktig løysing for ungdomsskuleelevane ved Austefjord skule, jfr. pkt. 5 i PS 9/16.*
2. *Rådmannen får mynde til å utvide arbeidsgruppa med ein representant for dei tilsette ved skulen.*

PS 60/17 Symjebasseng i sentrum i Volda kommune - spørsmål om framtidig leige i symjehallen etter 2020.

Tilråding i formannskapet - 02.05.2017 til kommunestyret:

1. *Formannskapet i Volda syner til saksutgreiinga under og vil allereie no signalisere at det ikkje vil vere framtidiretta for kommunen å halde fram med å leige symjehallen ut over 2020 på dei nye vilkåra som går fram av skrivet.*



VOLDA KOMMUNE

- 2. Med tilvising til pkt. 1 må kommunen sette i verk ein prosess for å oppretthalde lovpålagt symjeopplæring for elevane i sentrum frå det tidspunktet kommunen ikkje lenger er leigetakar i symjehallen.*
- 3. Primært ynskje Volda kommune å byggje 25 meters basseng på høgskuletomta evt. i tilknytning til Volda Campus Arena) og evt. med opplæringsbasseng i tillegg. Ein føresetnad for ei slik løysing er ei betydeleg medverknad i form av leige frå Høgskulen og evt. andre leigetakarar og bidragsytarar.*
- 4. Dersom pkt. 3 ikkje er mogleg å realisere vil Volda kommune bygge 12,5 m basseng knytt til Øyra skule.*

Handsaming:

Rådmannen bad om følgjande endring i punkt 1:

Formannskapet vert endra til kommunestyret

Dag Aarflot (SP) kom med slikt framlegg:

- 1. Kommunestyret vil inngå leigekontrakt med HVO for leige av tid i symjehallen for 1,55 mill i 10 år fram til år 2030.*
- 2. Med tilvising til pkt.1 vil Volda kommune starte planlegging av bygging av 25 meter + 12,5 meter oppvarma opplæringsbasseng som skal stå ferdig innan leigekontrakten med høgskulen går ut i 2030.*
- 3. Primært ynskjer Volda kommune at det vert sett av plass slik at dette blir eit byggesteg 2 i tilknytning til Volda Campus Arena*

Det vart halde gruppemøte.

Røysting (26 røysteføre):

Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå formannskapet og framlegget frå Dag Aarflot. Tilrådinga frå formannskapet fekk 23 røyster og vart vedteken, framlegget frå Dag Aarflot fekk tre røyster og falt.

Vedtak i Kommunestyret - 24.05.2017

- 1. Kommunestyret i Volda syner til saksutgreiinga under og vil allereie no signalisere at det ikkje vil vere framtidsetta for kommunen å halde fram med å leige symjehallen ut over 2020 på dei nye vilkåra som går fram av skrivet.*
- 2. Med tilvising til pkt. 1 må kommunen sette i verk ein prosess for å oppretthalde lovpålagt symjeopplæring for elevane i sentrum frå det tidspunktet kommunen ikkje lenger er leigetakar i symjehallen.*
- 3. Primært ynskje Volda kommune å byggje 25 meters basseng på høgskuletomta evt. i tilknytning til Volda Campus Arena) og evt. med opplæringsbasseng i tillegg. Ein føresetnad for ei slik løysing er ei betydeleg medverknad i form av leige frå Høgskulen og evt. andre leigetakarar og bidragsytarar.*
- 4. Dersom pkt. 3 ikkje er mogleg å realisere vil Volda kommune bygge 12,5 m basseng knytt til Øyra skule.*



OS 32/17 Synfaring Øyra skule

Det vart halde synfaring på nye Øyra skule.

Prosjektleiar Anne Mari Falkevik, leiar for byggenemnda Jan Henning Egset, ass. rektor Øyra skule Kjersti Markegård, deltok på synfaringa på Øyra skule.

PS 61/17 Tilstandsrapport Voldaskulen 2016-2017

Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 10.05.2017

- 1. Tilstandsrapport Voldaskulen 2016-2017 vert teken til vitande*
- 2. Skulane i Volda skal nytte ikkje-anonyme skjema for å kartlegge klasse miljøet og avdekke mobbing.*

Handsaming:

Oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik orienterte om saka.

Røysting (26 røysteføre):

Tilrådinga frå driftsstyret vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret - 24.05.2017:

- 1. Tilstandsrapport Voldaskulen 2016-2017 vert teken til vitande*
- 2. Skulane i Volda skal nytte ikkje-anonyme skjema for å kartlegge klasse miljøet og avdekke mobbing.*

PS 62/17 Orienteringssaker

OS 33/17 Orientering om prosess kulturhus

Ordføraren orienterte om status for prosess kulturhus.

OS 34/17 Helseplattform- Pasientadministrativt system (PAS) og elektronisk pasientjournal (EPJ)

OS 35/17 Møteprotokoll frå kontrollutvalsmøtet 03.05.17

OS 36/17 Sjukefråvær 1.kvartal 2017



VOLDA KOMMUNE

PS 63/17 Delegerte saker frå avdelingane

Det var ingen merknader til dei delegerte sakene frå avdelingane.

Møtet slutt kl. 18.00

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
29.05.2017

Sonja Håvik
konsulent